## Til Sigv. Hopsdal sin syttiårsdag 24/3. 1962.

Tone: Hvor i verden jeg går - - -
(Vikingebalken.)

No me borni vil samlast med Deg og ho mor
for å feira din syttiårsdag.
Me vil minnast med hugnad dei åri som for,
då me var på vårt heimtun i lag.

De vart sparde for "Sveinkall- og "Peparmøy-liv."
For han Amor Dykk berga ein dag.
Og du far vart til manns, og du mor vart hans viv.
De vår barndomsheim byggde i lag.

For kva er vel den ugifte svein og kvar møy - ?
- Som ein hjelpelaus båt utan ror. -
Like einsam som Robinson var på si øy.
Som ein Mjølner på ferd - utan Tor.

Me lyt gifta oss alle skal væl verta bra.
- Best å vera på førehand var -.
Det er tungsamt åleine på livslasset dra.
Sers når oppover bakken det bar.

Litt av kvart hev De røynt sidan då De var små.
- Mang ein fire og tjugande mars - .
Mykje vatn hev runne i sjø sidan, då
me kom spildrande nakne til gards.

Me var attville. Visste kje inn eller ut -.
Og fann verdi uhorveleg stor.
Trøytt og mødde av ferdi me somna til slutt
ved det kjærlege brystet ditt, mor.

Åri rann som ein foss. Me fekk leva og vaks.
og vart meistrar i ålvor og spøk.
Løyste gåtor og vandskar av tusende slags
like lett som dei opnar ein løk.

Skulen kom me oss frå utan bulder og bal.
Me sat kurande stillt på vår sess.
Tok eksamen med beine og skaplege tal.
---Friminuttane tok me med S. - - -

De foreldre me fekk var av gjævaste slag.
Og på Leivestad fekk me vår heim.
Etter lesing for presten so vart me ein dag
konfirmera i kyrkja på Seim.

Takk då, far, for dei tunge og trufaste tak,
for å skaffa oss mat på vårt bord.
Du i heim og kommune stod rakryggja - vak.
Takk for vise og vælmeinte ord.

Om Du grånar i hår, Du er enno vital.
til å tena din heim og di bygd.
Enn Du svarar ditt rom. Trutt Du røktar ditt kall,
med din vanlege truskap og dygd.

Må den Frelsar De batt Dykkar livslagnad til,
- som i hjarto fekk kveikja sin eld -,
Vera med Dykk på vegen dei komande mil,
og Dykk unna ein lukkeleg kveld.

Borni.